



Bård Aulin
Sætervegen 10 C
5236 RÅDAL

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/306 - 14/4843

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
05.03.2014

Manglar ved søknad om utsleppsløyve - gbnr 62/12 og 13 m.fl.

Kommunen viser til søknad om utsleppsløyve for gbnr 62/12 og 13 m. fl. mottatt 27.01.2014. Administrasjonen har etter ein førebels gjennomgang følgjande merknader:

Omfanget av søknaden.

I følgje søknaden er det søkt om utslepp frå ein fritidsbustad, 4 pe, men samstundes gjort greie for at det er eit felles utslepp for fire hytter med felles 12 m³ slamavskiljar. Slik skildra i søknaden har bnr 24 fått utsleppsløyve i samband med godkjenning av oppføring av fritidsbustad på eigedomen. Bnr 27 har også eit godkjend utslepp frå 1970-talet i følgje arkivet vårt. Kommune meiner at det er ei god løysing å samla utslepp frå fleire eigedomar i felles leidning. Søknaden bør såleis omfatta alle eigedomane slik at kommunen kan fatta eit felles utsleppsløyve. Dersom dette er ønskjeleg må alle eigarane skriva under søknadsskjema punkt 9. Vi gjer merkasam på at det også manglar underskrift frå eigar av bnr 12 og 13.

Nabovarsel:

Kommunen vurderer at naboar til dei involverte eigedomane også må varslast. Vedlagt følgjer naboliste.

Dispensasjon:

Omsøkte tiltak, slamavskiljar og delar av leidningsanlegget, ligg innanfor byggjegrensa for funksjonell strandsone. Tiltaket er såleis ikkje i samsvar med plan og krev difor dispensasjon for å kunne godkjennast.

Søknad om dispensasjon er ein skriftleg, grunngjeven søknad. Dispensasjonssøknaden må nabovarslast. Det må gå fram av nabovarselet at tiltaket krev dispensasjon.

Slamtømming

Eigedomane skal tilknyttast den kommunale slamtømmeordninga. Terrenget er bratt og det må dokumenterast at slamtømming er mogleg innanfor vilkåra for kommunal slamtømming. Det vil seia 100 m avstand til køyrbar veg og maksimum løftehøgde 8 m, jf slamtømmeforskrifta § 5.



Dette kan dokumenterast ved uttale frå føretaket Johny Birkeland Transport AS som har kontrakt på slamtømming.

Berørte interesser:

Det er gjort greie for at punkt 7e som gjeld berørte interesser i søknadsskjemaet ikkje er relevant. Vi ber om at det vert stadfesta at det ikkje er interesser knytt til drikkevassforsyning (brønnar og borehol), badeplassar eller andre interesser som vert berørt av tiltaket i samband med innsending av supplerande dokumentasjon.

Vi gjer merksam på at etablering av anlegget er søknadspliktig etter plan- og bygningslova og krev løyve frå Bergen og omland hamnevesen.

Vi ber om tilbakemeldng innan 6 veker. Dersom vi ikkje høyrer noko innan fristen vert saka arkivert utan handsaming.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Naboliste utslepp gbnr 62-12 og 13 m fl

Kopi til:

Lindås Rør Sanitær AS	Burkhovdane 1	5914	ISDALSTØ
Kari Elisabeth O' Sullivan	Langarinden 158	5132	NYBORG
Kathrine Båtevik	Steinestøvegen	5108	HORDVIK
	743		
Helga Wigestrاند Moe og Bjørn Moe	Østre	5252	SØREIDGREND
	Nordeidbrekka 15		

Mottakarar:

Bård Aulin	Sætervegen 10 C	5236	RÅDAL
------------	-----------------	------	-------